



Kjell Olav Vassenden  
Teigdalsvegen 800  
5707 EVANGER

Dato: 16.08.2021  
Vår ref.: 21/01183-9  
Utval: Utval for kultur og næring

## Søknad om løyve til forbetrande tiltak i elva på Langeland - gbnr 377/1

### 1. DELEGERT VEDTAK:

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Voss heradsstyre 21.11.2019, vedtak hjå Statsforvaltaren jf § 1 vassressurslova av 15.juli 2021, jordlova §1 og ureningsforskrifta kapittel 4, vert det gjort følgjande vedtak:

1. Søkjar får løyve til uttak av inntil 1000m<sup>3</sup> sand frå Teigdalselva, som vist i vedlagte kartskisse på vilkår av at uttaket er avklara med tilgrensande grunneigar
2. Massane som vert tatt ut vert tilført forsumpa areal, om lag 1 daa, som vist på vedlagte kartskisse. Det øvste jordlaget skal fjernast før tilføring av massane, og tilbakeførast etter at tiltaket er gjennomført.
3. Uttak av grus kan, jf vedtak frå Statsforvaltar, ikke skje etter 30.september 2021.
4. Kulturminne: Kommunen legg til grunn at tilføring av massar til arealet vert stoppa dersom det kjem fram funn eller eventuelle spor som kan vere gamle, jmf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd. 6.

### 2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Dok 21/01183-8Løyve - Fysiske tiltak i vassdrag - Elva på Langeland - 377/1 - Teigdalen – Voss – Statsforvaltaren, dagsett 15.7 2021

Dok 21/01183-4NVE sin uttale - Søknad om løyve til forbetrande tiltak - Fjerning av steinmassar og lausmassar i elva på Langeland - Gnr. 377 bnr. 1 i Teigdalen - Voss herad

Dok 21/01183-3Søknad om løyve til forbetrande tiltak i elva på Langeland - gbnr 377/1

Dok 21/01183-2Oversending av mottatt søknad om løyve til forbetrande tiltak i elva på Langeland - gbnr 377/1

Dok 21/01183-1Søknad om løyve til forbetrande tiltak i elva på Langeland - gbnr 377/1



### 3. FAKTA OM SAKA:

Kåre Olav Vassenden kjøpte i 2018 gbnr 377/1 på Langeland i Teigdalen. Han har sidan opplevd meir enn ei total overfløyming av innmarka og søkte i 8.mars Voss herad om uttak av steinmassar og lausmassar i elva. Søkjar skriv at formålet er å hindre flaumar og erosjon og at elva lager seg nye løp, dette er ein særskilt redd for skal skje under isgang og ynskjer å førebygge skader på dyrka og beitande mark. Etter kvar flaum er det eit større arbeid for å rydde opp.

Elva er regulert og for å betre tilhøva for fisken i elva har BKK lagt ut steinar forma som delvis tersklar og holmar av stein i elva. Steinane fører til auka erosjon mot elvebreidda, stoppar opp isen under isgang, gjev til ein viss grad høgare vasstand under torva som bidreg til danning av sumpområder i dyrka mark, redusert avling og ein stor fare for endring av elveløpet.

Elveløpet er underdimensjonert ved flaum, og elva fører med seg massar som vert avsett i området på gbnr 377/1, som har lite fall; frå kote 86 m.o.h. til 84 m.o.h. på vel ein km strekning på gbnr 377/1.

Elva er oppgitt å ha ein flaumkapasitet ca. 150 kubikk i minuttet, medan flaumane er opp mot 250 kubikk i minuttet, jf Cowi rapport om hydrologiske vurderingar av Christian Rekve Bryn, som er vedlagt rapporten.

Søkjar ynskjer å forsterke elvebreidda mot erosjon, og ser for seg ei løysing med å plastre elvekantane med større stein. Flaumane medfører mykje ekstraarbeid og skade på avlingar. Ein planlegg generasjonsskifte og vidare drift på garden, og ser på situasjonen som uhaldbar.

Voss herad sende søknaden til Statsforvaltar og NVE for uttale.

#### NVE sin uttale om tiltak i elva

NVE vurderer at BKK sine tiltak for fisk i elva har liten effekt på vasstand, men er ikkje neglisjerbar.

At tiltaka truleg har ført til auka erosjon nokre stader og anbefaler erosjonsreduserande tiltak i aktuelle områder. Tiltaka har truleg også ført til større sedimentering og generell masseflytning.

NVE meiner at betre vasstandsregulering av Volavatnet vil kunne redusere størrelsen på flaumar.

NVE skriv vidare at i samanheng med sikring av eigedom mot erosjon er det beskrive at det skal leggast opp plastring langs elvekant. NVE meiner søknad er noko mangefull med bakgrunn i at tiltaket ikkje er skildra og omtalt i detalj. Tiltakshavar må sjå til at tiltaket er planlagt, detaljprosjektert og utført etter gjeldande regelverk, slik at det ikkje medfører ulempe etter vassressurslova (vrl) kap 5 og 6. Ulempa kan medføre erstatningsansvar etter vrl § 47

NVE vurderer vidare at planane slik dei er skissert ikkje vil krevje noko vidare handsaming etter reglane i vassressurslova.

#### Statsforvaltar sin uttale

Grunneigar på gbnr 377/1 i Voss herad, får løyve til å ta ut massar i Teigdalselva på Langeland.

Løyvet er gjeve med heimel i § 1 forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, på følgjande vilkår:

1. Uttak av grus skal gjennomførast innan utgangen av september 2021.
2. Omfanget skal vere avklart med Voss herad.
3. Eksisterande kantvegetasjon skal takast vare på (det kan gjerast enkle tiltak for å sikre maskiner tilgang til vassdraget).
4. Store steinar i elva skal bli liggende, og i same område som dei ligg i dag.
5. Køyring i elveløpet skal avgrensast så langt som råd.



Voss herad var på synfaring i samband med sakshandsaminga 21.juli 2021. Søkjar oppgav då at BKK har eit ansvar og innrømmer å dekke kostnadane tiltaket medfører.

Voss herad har hatt munnleg kontakt med kulturminnemynde hjå Fylkeskommunen vedr. bruk av masser til utbetring av areal. Fylkeskommunen har ikkje kunnskap eller grunnlag for å tru at det er stort sannsyn for at det finnes kulturminne på området som skal motta massane, og godkjenner tiltaket slik det er presentert.

#### 4. ADMINISTRASJONEN SI VURDERING:

Voss herad har mottatt søknad om tiltak Teigdalselva på Langeland gbnr 377/1. Tiltaket skal bidra til å redusere faren for flaum inn på dyrkamarka, hindre erosjon og at elva tek nye løp. I søknaden er det foreslått både å ta ut elvegrus og å sikre elvebredda mot erosjon.

Voss herad har vore på synfaring og meiner det er stort behov for å sikre innmark og tun mot flaum, og erosjonssikring av elvebredda der elva naturleg vil erodere. Elva langs eigedomen har ein på ei over 1000 meters strekke knapt 2 meters fall. Frå Århus og ned til Langeland har elva nærmare 70 meter høgdeforskjell, dette medfører naturleg at elva grep lengre oppe og sedimenterer masser på Langeland. Det har årleg vore flaumsituasjonar som medfører stor ulempe for landbruksføretaket. Jf jordlova §1 skal ein legge tilhøva til rette for at arealressursane kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Me meiner tiltak er viktig for å ivareta jordressursane.

#### Flaumvoll/erosjonssikring

Ein ser at når vatnet stig opp over elvekanten, vil terrenget bak elvekanten verte overfløyma.

Innmarka her er gamal elveslette, flat og lågare enn kanten mot elva. Ein flaum som går over elvebreddene vil difor ha påverknad på mykje av innmarka. Flaumvatnet fører med seg slam, diverse tre/greiner og anna og arealet må ryddast, samt at slammet kan øydeleggje enga. Ein flaumvoll langs elva vil kunne avverje dei årlege flaumane inn på innmarka og samstundes utformast som erosjonssikring av elvebredda. Flaumvollen vil og kunne vere med og sikre tunet som ligg så nært som 10 meter frå elvebredda, mot ekstremhendingar. Jf. uttale frå NVE krev bygging av flaumvoll god fagleg planlegging for å få eit resultat ein er tent med over tid og som tar naudsynt omsyn til naturmangfald og kulturlandskap.

Statsforvaltar gjev løyve til uttak av elvemassar ut september 2021. Voss herad vurderer at dette ikkje er tid nok til planlegging og gjennomføring av arbeidet, og vil difor ikkje gje løyve til erosjonssikring og utforming av flaumvoll innanfor denne tidsramma. Søkjar vert difor oppfordra til å utarbeide ein detaljert plan for bygging av flaumvoll i samarbeid med faginstansar og BKK og å sende ny søknad om tiltaket når denne ligg føre.

#### Uttak av elvegrus

Uttak av elvegrus vil vere eit tiltak som aukar kapasiteten i elveløpet og dermed reduserer flaumfaren. Tiltaket vil likevel vere mellombels, då stadig nye masser vert ført med elva og sedimentert i dette rolege partiet av elva.

Det er ynskjeleg å nytte elvegrusen til betring av lågareliggende delar av innmarka som vert forsumpa med høgare vasstand i elva. På synfaring vart eit areal utpeika (synt på kart vedlagt). Ein peika på 1 daa av innmarka heilt sør på eigedomen, som ligg som ei fordjuping og difor er utsett for høgt grunnvatn og forsumping. Voss herad finn området tenleg for mottak av grusen, vil betre dyrkingstilhøva på heile teigen og det er kort avstand mellom arealet og elvegrusen ein vil ta ut.



1000m<sup>3</sup> vil kunne vere høveleg for arealet der grusen skal nyttast. Før arbeidet vert sett i gang, må uttaket avklarast med tilgrensande grunneigar i elva, då søkjær berre er grunneigar på den eine sida på dette partiet. Ved tilføring av elvemassar skal det øvste matjordlaget fjernast før tilføring av masse og tilbakeførast etter at massane er tilført, slik at dette vert topplag.

Søknaden har munnleg vore høyrt til Kulturminnemynde, som ikkje ser konflikt i høve til gjengeleg kartdata for automatisk freda kulturminne. Dei minner om at tiltakshavar likevel har plikt til å vise varsemd og til å straks melde i frå dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

#### **Vurdering etter naturmangfaldlova**

Vurdering etter §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova. Det er gjort søk i Naturbasen. Det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar på gbnr. 377/1 som kjem i konflikt med tiltaket. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst for å vurdere konsekvensar av uttak til nytte for jordforbetring med tanke på naturverdiar. Ein kan heller ikkje sjå at tiltaket vil ha andre avgjerande negative verknader. Generelt gjeld det at alle inngrep som blir gjort i samband med tiltaket, skal utførast mest mogleg forsiktig og med omsyn til terreng og vegetasjon. Ut i frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsynte omsyn til naturmangfaldet jf §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Med vennleg helsing

Kari Mostad

Tlf:

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg:

gk\_enkel\_20210816\_10\_33-4621\_377\_1\_0-FXSct7ur

Kopi til:

Gry Walle, Statsforvaltaren i Vestland